

NOU 2008:18 *Fagopplæring for framtida*

Høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar mange av forslaga i NOU 2008:18 *Fagopplæring for framtida*. Innstillinga peikar på viktige utfordringar, og mange av dei tiltaka som er føreslegne kan bidra til forbetringar på viktige område. Innstillinga manglar likevel eit heilskapsperspektiv som ser tiltaka i samanheng og som vurderer konsekvensane av dei ulike tiltaka godt nok.

Manglande berekning av økonomiske og administrative konsekvensar er eit svakt punkt i innstillinga. Støtte til forslag i innstillinga som kjem fram i høyringsfråsegna vår vert gjeve under føresetnad av at dei økonomiske konsekvensane vert utgreidde og finansierte. Det er først når ein ser kostnadene med dei ulike tiltaka, og kva økonomiske ressursar som er tilgjengelege til styrking av fag- og yrkesopplæringa samla sett, ein kan gjere reelle prioriteringar av tiltak.

I oppfølginga av NOU 2008:18 *Fagopplæring for framtida* er det nødvendig å tydeleggjere kva ein ønskjer med vidaregåande opplæring. Klare prioriteringar er viktig, det vil verte vanskeleg å handtere alle tiltak samtidig, same kor gode dei måtte vere.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at i oppfølginga av innstillinga må følgjande tiltak prioriterast:

- Betre kvalitet i fag- og yrkesopplæringa
- Betre gjennomføring i fag- og yrkesopplæringa
- Betre mogelegheit til å byggje vidare på fag- og sveinebrev

Vi vil innleiingsvis kommentere desse tre prioriterte områda for så å kommentere områda frå høyringsbrevet spesielt.

Å utarbeide nasjonale kvalitetsindikatorar på sentrale område vil vere eit viktig skritt på vegen mot å definere kvalitet i fag- og yrkesopplæringa. Det er sjølvsagt umogeleg å måle alle aspekt ved kvalitet, men det utelukkar ikkje at ein kan definere aspekt som kan målast. Vi deler utvalet si oppfatning av at betre samarbeid mellom skule og bedrift, yrkesretting, lærarane og instruktørane sin kompetanse, elev- og lærlingvurdering og læringsmiljø er viktige satsingsområde for å betre kvaliteten. Vi vil i tillegg nemne formidling og auka fleksibilitet som viktige faktorar for å betre kvaliteten.

For å få betre gjennomføring, må både skule og bedrift ta utgangspunkt i at dei er ein del av eit heilskapleg opplæringsløp. Bedriftene bestemmer sjølve kven dei vil tilsetje som lærlingar, og dei må vere med og ta samfunnsansvar i form av fullføringsansvar for opplæringsløpet. Det er heilt nødvendig å ha samarbeidsarenaer og å ha gode samarbeidsavtalar mellom skule og bedrift.

Vi meiner vidare at auka fleksibilitet er eit kjernepunkt for å betre gjennomføringa. Det er i dag rom for differensiering både når det gjeld tempo, nivå og organisering. Desse mogelegheitene burde nyttast i større grad.

Fleksibiliteten kan gjelde vegen som fører fram til fag- eller sveinebrev. Lærlingen må kunne stoppe undervegs, og det må takast høgde for at ulike livssituasjonar og ulike føresetnader kan gjere at nokre treng lengre tid eller siktar mot kompetanse på lågare nivå enn fag-/sveinebrev.

Vi vil særleg trekkje fram auka bruk av kryssløp for å betre fleksibiliteten. Det bør vere opp til lokal skuleeigar å definere mogelegheitene for kryssløp.

I tillegg bør det vere større grad av fleksibilitet i sjølv læringarbeidet, til dømes gjennom veksling mellom skule og bedrift som læringsarena, og gjennom at rekkefølgja på fag kan ”stokkast om” når det vert vurdert som nødvendig eller ønskjeleg.

Fag- og sveinebrev er i seg sjølv ein anerkjend kompetanse. Det vil likevel vere behov for betre mogelegheiter til å byggje vidare på denne kompetansen for å sikre at fagutdanning er ein attraktiv karriereveg for dei som kan tenkje seg høgare utdanning. Høgskulane kan i dag ta inn studentar på bakgrunn av realkompetansevurdering, men ein ser at i praksis ”opnar og lukkar” høgskulane seg etter tilgangen på andre studentar. Dette er ein praksis som skapar ein lite forutsigbar situasjon som ikkje kan halde fram. Vi meiner det er viktig å få på plass y-vegen innan alle utdanningsprogram.

Det bør også satsast meir på fagskuletilbod, der det må tenkjast nytt både når det gjeld tilbodsstruktur og rekruttering.

Når det gjeld dei konkrete områda som departementet ber om innspel på, har Sogn og Fjordane fylkeskommune følgjande kommentarar:

1)Betre gjennomføring i vidaregåande opplæring

Mange av punkta lista opp i høyringsbrevet går på alt eksisterande mogelegheiter som kunne ha vore nytta i større grad enn i dag.

Forsøk med bruk av insentiv i fylkeskommunen for å auke gjennomføringa

Vi **støttar ikkje** forslaget. Fylkeskommunen har mogelegheit til å gjere dette gjennom dei resurstilleggingsmodellar ein har i dag, dersom ein ønskjer det. Det er liten grunn til å tru at mangel på økonomiske insentiv er nokon vesentleg årsak til manglande gjennomføring.

Yrkesretting

I Reform 94 blei lagt ned mykje arbeid med læreplanane for å sikre at dei kunne yrkesrettast. Det er ikkje lagt like stor vekt på dette i LK06, og vi støtter ein gjennomgang av læreplanmåla for å sikre at dei er eigna for yrkesretting. Det må setjast søkelys på yrkesretting i kompetanseutvikling knytt til Kunnskapsløftet, og ein må peike på mogelegheiter som ligg i samarbeid om opplæringa i programfag og fellesfag. Auka yrkesretting vil truleg få konsekvensar for sentral eksamen i fellesfaga, og det er viktig at eksamensform vert vurdert samtidig. Dersom det vert forskriftsfesta at ein del av den sentrale eksamen skal ta utgangspunkt i lokalt fastlagd og yrkesretta lærestoff, vil det vere unødvendig å forskriftsfeste yrkesretting.

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar også forslaget om å utarbeide rettleingsmateriell, men vi er usikre på kva som ligg i forpliktande bruk av dette.

Plikt til å tilby plassar til alle som søker helse- og sosialfag

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar ikkje forslaget. Det må vere opp til fylkeskommunen å dimensjonere opplæringstilbodet i vidaregåande opplæring. Problemet er snarare mangel på søkjarar enn mangel på plassar.

Justering av lærlingtilskotet

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på å auka lærlingtilskotet m.a. for å motivere bedrifter til å ta inn fleire lærlingar.

Vi gå sterkt **i mot** å differensiere tilskotet etter ulike lærefag og ulike kategoriar av lærlingar. Det vil føre til større byråkrati og meir arbeid. Vi vil heller rå til å forenkle tilskotsordninga slik at det vert **ein tilskotsats**, uavhengig av alder, men basert på tal månader det skal gjevast opplæring. For å betre gjennomføringa kan ein vurdere om deler av tilskotet skal knytast til fullført opplæring.

Alle elevar som ikkje får læreplass får rett til to års yrkesfagleg opplæring

Dette framlegget vil truleg gjere kandidatane langt betre rusta til å greie fag-/sveineprøve, dersom opplæringstilbodet vert organisert praksisnært. Ei slik ordning kan bli kostbar for fylkeskommunen og vil også kunne by på kapasitetsproblem om den får eit visst omfang. Ein ser også ein fare for at ordninga kan bli ein konkurrent lærlingordninga, dersom bedriftene skule i staden for å ta dei inn som lærlingar.

Framlegget må utgreiast betre, og eventuelle uheldige konsekvensar av ei slik ordning må vurderast.

Dobling av rådgjevarressursen

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det er viktig å auke rådgjevarressursen. Kor stor auken skal vere, må sjåast i samanheng med framlegget om å tilby lærlingar tilgang til rådgjevarteneste. Det er viktig å sikre ein reell auke. Det er svært positivt å gje lærlingar tilgang på yrkes- og sosialpedagogisk rådgjevingsteneste. Sør-Vest- samarbeidet meiner at det bør etablerast ein arbeidslivskontaktressurs på kvar vidaregåande skule, slik ein alt har gjort i Sogn og Fjordane, og som ein har gode erfaringar med. Arbeidslivskontakten koordinerer skulen sitt samarbeid med lokalt arbeids- og næringsliv, mellom anna samarbeid om prosjekt til fordjuping, utplassering, partnarskapsavtalar m.m.

Oppretting av nasjonalt senter for karriererettleiing

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at dette tiltaket ikkje bør prioriterast.

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner vidare at det er fleire tiltak som kan betre gjennomføringa, og som ikkje er nemnde i høyringsbrevet. Fleire av desse punkta er nemnde i rapporten, men vi meiner det er viktig å kople dei meir direkte til gjennomføringsaspektet:

- Betre samarbeid mellom skule og bedrift, mellom anna ved å skape gode og regelmessige møtepunkt

- Vurdere formidlingssystemet. Formidlinga bør vere avslutta før sommarferien. Når formidlinga, slik situasjonen er i dag, trekkjer ut til langt ut over hausten er det ikkje overraskande at fråfallet i overgangen vert stort. **Læreplassane bør opprettast på våren, slik at lærlingane kan tilsetjast før sommaren og byrje i lære om hausten.** Skulane må bruke prosjekt til fordjuping aktivt. Der dei får dette faget til å fungere, syner det seg at det har positiv effekt på formidlinga.
- Nasjonale kvalitetsindikatorar og verktøy for oppfølging. Fylkeskommunen må få betre kunnskap om tilstanden i fagopplæringa, må kunne bli målt på kvalitetsindikatorane, og må kunne samanlikne seg med andre fylke.

2) Utbygging av fagskuleutdanning som karriereveg for fagarbeidarar

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar framlegget om auka satsing på fagskuleutdanninga, og at mest mogeleg av denne utdanninga vert offentleg finansiert. Det vil i satsinga på fagskuleutdanninga vere nødvendig å vurdere om det er andre område enn dei tradisjonelle tekniske og maritime som har behov for utbygging. Helsedirektoratet har utarbeidd læreplanar som no er godkjende som fagskuletilbod. Dette er ein modell som kan vidareutviklast. Vi vil særleg nemne barne- og ungdomsarbeidarfaget som eit område med behov for fagskuletilbod.

Fagskuletilbodet bør utviklast slik at det både tek vare på den faglege tilnærminga og samstundes sikrar at ein gjennom dette 2-årige studiet får opplæring i fellesfag som sikrar generell studiekompetanse.

3) Tiltak for betre overgang frå fag- og yrkesopplæring til fagskuleutdanning og høgare utdanning

Utbygging av y-vegen til fleire fagområde

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner det er svært viktig å byggje ut y-vegen til fleire fagområde. Helst bør det vere ein mogelegheit innan alle yrkesfaglege utdanningsprogram.

Setje ned aldersgrensa for realkompetansevurdering for opptak til høgare utdanning

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar dette forslaget. Dette kan vere eit alternativ til y-vegen. Det er opp til dei høgare utdanningsinstitusjonane å gjere realkompetansevurderinga, og sidan den vert gjort på grunnlag av kompetanse, ser ein det ikkje nødvendig med aldersgrense på 25 år.

Alle som har fullført vidaregåande opplæring er generelt studieførebudde, uavhengig av utdanningsprogram

Sogn og Fjordane fylkeskommune, som dei andre fylka i Sør-Vest-samarbeidet, **støttar ikkje framlegget.** Dersom alle som har fullført vidaregåande opplæring er studieførebudde, ser ein ikkje trongen for y-vegen eller tilrettelegging av studieførebuing igjennom fagskuletilbodet.

Rett til kurs i fellesfag etter oppnådd fagbrev

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar framlegget.

4) Tiltak for å få fleire vaksne med yrkeskompetanse

Motivasjonsordningar

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar utvikling av ein nasjonal strategi for oppfølging av vaksne med lovfesta rett til opplæring. Å utforme ordningar der tillitsvalde i bedrifter har ansvar for motivering og tilrettelegging av opplæring for dei tilsette kan vere fornuftig. I mange bedrifter har fagforeiningane alt ei slik rolle. Mykje av det organisatoriske arbeidet for å sikre informasjon og rettleiing til vaksne kan løysast gjennom arbeidet som vert gjort med karriererettleiing i fylkeskommunane. Utfordringa ligg først og fremst i at det må vere samsvar mellom motivering og opplæringstilbod som vert gjevne.

Ordningar for finansiering av livsopphald for vaksne

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar ein gjennomgang av stønadsordningane for vaksne. Også mange med ungdomsrett må vere innstilte på å ta opp studielån for å gjennomføre vidaregåande opplæring, men det kan vere gode grunnar for å auke stipenddelen for vaksne med forsørgjaransvar. Finansiering av livsopphald for vaksne lærlingar må sjåast i denne samanhengen. Vanleg lærlingløn vil for vaksne med forsørgjaransvar ikkje strekkje til.

Nasjonale prinsipp for realkompetansevurdering

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar framlegget.

5) Tiltak for å betre kvaliteten i fag- og yrkesopplæringa

Utvalet sin prioriteringar av innsatsområde og vidareutvikling av eit nasjonalt kvalitetsvurderingssystem

Det vil vere svært viktig å innføre nasjonale kvalitetsindikatorar i fag- og yrkesopplæringa. Kvalitetsvurderingssystemet må innrettast på ein måte som forbetrar gjennomføringa.

Dei fem satsingsområda: samarbeid mellom skule og bedrift, yrkesretting, lærarane og instruktørane sin kompetanse, elev- og lærlingvurdering og læringsmiljø er alle viktig satsingsområde for å betre kvaliteten. Formidling og auka fleksibilitet burde kanskje vore med i tillegg.

For å betre samarbeidet mellom skule og bedrift bør det innførast forpliktande retningsliner for korleis samarbeidet skal føregå. Prosjekt til fordjuping er eit viktig verkemiddel, og mykje løyser seg i høve formidlingsprosessen om dette faget fungerer godt. Eit meir radikalt forslag kan vere å la dei vidaregåande skulane overta ansvaret for formidlinga.

Auka bruk av tilsyn som grunnlag for kvalitetssikring av fag- og yrkesopplæringa

Det må utviklast ein modell for tilsyn som er formålstenleg. Det er behov for ein generell gjennomgang av tilsynsordninga.

Styrking av kompetanse i fag- og yrkesopplæring hjå Fylkesmannen

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner dette ikkje bør prioriterast.

6) Lærarar og instruktørar i fag- og yrkesopplæringa

Det er vanskeleg å sjå for seg korleis dei skisserte framlegga skal betre rekrutteringa av yrkesfaglærarar. Mange fylkeskommunar slit alt no med å rekruttere lærarar. Det er truleg ikkje meir akademiske tilbod som skal til for å rekruttere dyktige fagarbeidarar inn i skulen.

Oppretting av bachelor- og masterstudiar for yrkesfaglærarar i alle utdanningsprogram

Det kan vere positivt at det vert utvikla denne type tilbod, men det kan bli utfordrande å rekruttere studentar. Tilboda må i alle høve utarbeidast i nært samarbeid med fylkeskommunane, og må sjåast i samanheng med forvaltningsreforma og utbygginga av fagskuletilboda.

Tydeleg ansvar for fylkeskommunen for å tilby etterutdanning og lærarane si plikt til å delta

Vi meiner at dette alt er godt ivareteke gjennom Opplæringslova § 10-8.

Krava til rettleiingskompetanse hjå instruktørane vert styrka

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar framlegget

Stipendordningar og lønskompensasjonsordningar

Utdanningsfinansiering er staten sitt ansvar. Andre og meir spesielle kompetansehevingstiltak må avtalast gjennom tarifforhandlingar.

Hospiteringsordningar mellom skule og bedrift

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar framlegget. Forslaget må sjåast i samanheng med framlegga om betre samarbeid mellom skule og arbeidsliv.

7) Meir forskning og dokumentasjon på fag- og yrkesopplæringa

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar framlegget om å auke forskingsinnsatsen og å etablere eitt eller fleire forskingssenter for forskning på fag- og yrkesopplæringa.

8) Meir internasjonalisering

Styrke den norske deltakinga i internasjonale undersøkingar og internasjonalt samarbeid

Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar framlegget.

Etablering av tilskotsordningar for hospitering i utlandet for elevar og lærlingar, lærarar og instruktørar

Dei eksisterande tilskotsordningane for hospitering er for byråkratiske. Det bør arbeidast for å forenkle prosessen for deltaking, då formalitetskrava til søknadene er alt for kompliserte. Vi støttar framlegget om å etablere tilskotsordningar for hospitering i utlandet både for elevar, lærlingar, lærarar og instruktørar. Hospiteringa bør ikkje avgrensast til EU. Det må takast høgde for at låne - og stipendordningar kan nyttast i samband med hospitering.